

Herand Bygdelag

Årsmelding 2014

Det ordinære årsmøte i Herand Bygdelag vart halde 23. mars 2014 .
Etter årsmøte har styret for Bygdelaget hatt følgjande samansetting:

Leiar: Dan Danielsen
Nestleiar: Sigmund Eiken
Skrivar: Marta Bergstø
Styremedlem: Arne Bergstø
Styremedlem: Knut Haugen
Styremedlem: Kaia Gulbrandsen
Varamedlem: Hanne Elisabeth Hesthamar
Varamedlem: Marit Huus
Varamedlem: Bjørg Samland

Kasserar Gerd Ingeborg Haugen sit ikkje i styret for 2014.

Sonja Irene Skarde er ansvarlag for utleige av lokala i Herand Kulturhus.
Sidsel Haugen har vore Bygdelaget sin representant i styret for Jondal Frivilligsentral.
Arne Bergstø har vore Bygdelaget sin representant i styret for Herand Omsorgsbustader.
Knut Haugen har vore Bygdelaget sin representant i styret for Herand Aktiesagbruk.
Kaia Gulbrandsen sit i bladstyret for Herand Bygdeblad.
Dan Danielsen og Sverre Haugen er driftsansvarleg for Herand Båtbyggarmusèum.

Styrearbeid

Styret har hatt 12 styremøter i 2014. I tillegg kjem arbeidsmøter i samband med gjennomføring av Haustmarknaden. Første varamedlem, Hanne Elisabeth Hesthamar, har vore innkalla til alle møter.

Bygdedugnaden

Dugnaden vart halden laurdag 26. april 2014. Omlag 80 personar deltok i det fine vèret. Kvinne- og familelaget hadde, tradisjonen tru, laga god graut og kaffimat i bedehuset. Det vart utført mykje dugnadsarbeid mange stader i bygda, som bl.a.:

- Kyrkjegarden: Her var fleire i sving med vårpuss og rydding.
- 4H har fast oppgåve med å gå langs hovudvegen å rydda boss.
- Langs gangstien i båthamna vart det skrappt vekk uønskte vekstar, og kosta.
- På båtmusèet og på helleristningsfeltet vart det også gjort ein del arbeid.
- Rosebeda i båthamna vart fine i år og etter godt stell denne dagen.
- Bedehuset fekk malingslitte vegger skrappt og malt.
- Kulturstien treng mykje vedlikehald kvart åt. 12 mann var på plass her og rydda kratt som renn opp. I tillegg var det nokre som rydda vekk tre ved Sævarbrua.
- Badestranda vart tradisjonen tru og klargjort for sesongen.
- På uteområdet rundt Herand Kulturhus fekk blomebed si våronn, asfalten vart kosta og spylt, og ny hoppegrop vart laga. Malingslitte vegger vart skrappt og malt.

Inne fekk spinningssyklar og alt anna treningsutstyr i gymsalen ein solid vask.

Styret takkar alle for innsatsen med å gjera bygda innbydande for alle, både fastbuande og tilreisande.

Haustmarknad

Då Haustmarknaden 2013 vart ein stor suksess, ville me prøva ein gong til.

Haustmarknaden 2014 vart skipa til laurdag, 4. oktober på Herand Kulturhus.

Styret i Herand Bygdelag stod for tilskipinga, saman med mange gode, lokale hjelparar.

Programmet bestod av:

- premieutdeling av namnekonkurransen, og avduking av namneskilt
HERAND KULTURHUS
- auksjon
- loppemarknad
- krambu med kortreist mat
- boksal
- leikeavdeling
- sal av laks
- biletframsyning
- orgelkonsert
- kafè
- komlemiddag

Styret tilbaud utvalde matprodusentar frå distriktet at me kunne selja varene deira. Alle som vart spurd, svarta ja. Marine Harvest sponsa Bygdelaget med ferske laksefileter til ein verdi av kr. 10 000.-. Einar Ystevik var auksjonarius.

Herand Kulturhus var fullsett av folk som koste seg, åt god mat og handla.

Til saman blei det omsett for kr. 107 000 denne laurdagen. Overskotet var kr. 48 800.

Styret takkar alle medhjelparar for god jobb og velvilje i høve marknaden. Me takkar òg for særst godt frammøte og oppslutning kring Haustmarknaden.

Bygdekafè

I samarbeid med andre lag i bygda, har Herand Bygdelag også dette året arrangert

Bygdekafè på Herand Kulturhus ein sundag i månaden. Overskotet går til Bygdelaget.

Andre tilskipingar som gjev Herand Bygdelag inntekt (el utgifter) er 17.mai-feiring og Jonsok-feiring. Her vert det valt nye komitear kvart år som gjer ein stor innsats.

Pluss juletreffesten 2.juledag, der ansvaret rullerer mellom dei 3 rodene i bygda.

Julebasar

Den årlege basaren vart arrangert 29. desember under leiding av Sigmund Eiken. Det vart seld loddar på bok i forkant, og mange verksemder og enkeltpersonar støtta opp om gevinster. Basaren og sal av lodd, gav eit samla overskot på kr. 48832. Styret takkar alle som gav gevinster, tok loddar på bok og for godt frammøte og oppslutning om basaren.

Herand Bygdeblad

Redaksjonen for bygdebladet har også i 2014 gjort ein stor dugnadsinnsats med å produsera og distribuera fire flotte nummer av det populære bladet. Bygdebladet hadde omlag 300 faste abonnentar siste året og gav eit overskot på ca. kr. 26276. Styret takkar bladredaksjonen for framifrå innsats.

Velkomstgåver

Herand Bygdelag har delt ut 4 velkomstgåver til nyinnflytta i Herand. Dei har fått blom og 1 års abonnement på Herand Bygdeblad.

Bibliotèket

I høve til det nye kjøkenet som er under planlegging, må den gamle Folkeboksamlinga omorganiseras. Herand Kvinne og Familielag har hjelp til med rydding og sortering av bøker. Nokon av bøkene vart selde på Haustmarknaden. Gamle, ærverdeige bøker vert teke vare på. Nokon av bøkene som er att, kan stå i ei bokhylle, lett tilgjengeleg for dei som ynskjer å låne dei.

Nytt kjøken

På årsmøtet i 2014 vart det bestemt at kjøkenet i Herand Kulturhus skulle rehabiliterast / fornyast. Bygdelaget valde ei kjøkengruppe til å jobba med planlegging og gjennomføring av dette prosjektet. Desse er med i gruppa : Sigmund Eiken, Arne Bergstø, Kaia Gulbrandsen, Hanne Elisabeth Hesthamar, Bjørg Samland, Marta Samland.

Herand skule

Styret har lagt ned mykje arbeid i drift og vedlikehald av det gamle skulebygget, no Herand Kulturhus. Det har vore stor aktivitet dette året, med mange faste brukarar.

Mellom anna er det utført;

- maledugnad på gymsalbygg; glas og dører.
- leige av fast vask ein gong i månaden
- utarbeiding av nye leigetakster
- utleige av to nye rom og oppfølging av leigeavtalar og brukarar
- forsterking av sperr på heile loftet
- nye ljøs på loftet
- rydda uthuset
- ryddearbeid i kjellaren; bibliotèk og vaskerom

Herand, 22. mars 2015

Dan Danielsen

Arne Bergstø

Hanne Elisabeth Hesthamar

Sigmund Eiken

Kaia Gulbrandsen

Gerd Ingeborg Haugen

Knut Haugen

Sonja Irene Skarde

Marta Bergstø